

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 26.03.2021, kl. 09:00-13:55

MØTESTAD: Videomøte

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem

Forfall: Ivar Eriksen, Eiliv Berdal

Deltakarar frå administrasjonen (deltok frå møterom 4/video)

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Øystein Helleseeth, økonomidirektør
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Evy-Helen Helleseeth, fagdirektør
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk
Arne Skjelten, HR-direktør
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Frode Schanke, IKT-sjef
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Eli Schwarz, seksjonsleiar/ergoterapeut
Per Karlsen, økonomidirektør Helse Vest
Rune Iversen, revisor BDO

SAKLISTE

Saksnr.	Sakstittel
011/2021	Godkjenning av innkalling og dagsorden
012/2021	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 29.01.2021
013/2021	Administrerande direktør si orientering
014/2021	Rapportering frå verksemda per februar 2021
015/2021	Årsmelding 2020 – Helse Førde HF
016/2021	Årsrekneskap 2020 – Helse Førde HF
017/2021	Styringsdokument 2021 for Helse Førde HF

Saker til orientering:

018/2021	Utviklingsplan Helse Førde, revisjon 2021
019/2021	Nye Førde sjukehus - løypemelding
020/2021	Inntektsutvalet - løypemelding
021/2021	Eventuelt Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, administrasjonen og publikum velkommen til dagens styremøte som var eit videomøte.

Kari Sunde Kvile vart ønska velkommen som ny styremedlem.

STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Seksjonsleiar/ergoterapeut Eli Schwarz orienterte om:

Nytt forløp for handrehabilitering i Helse Førde

Dette var eit såkornprosjekt i 2020, der vi fekk tildelt såkornmidlar. Såkornprosjektet hadde styringsgruppe og prosjektgruppe med Forbetringsmetodikk i Helse Vest sitt program.

Såkornprosjektet omhandla:

- Utarbeide ny modell for pasientar med behov for handrehabilitering
- Utvikle samarbeidet og etablere gode rutinar mellom ortopedisk poliklinikk og ergoterapeutar – jobbgilding
- Heve kompetanse
- Etablere videokonsultasjonar (kontrollar)
- Synergi: bygge opp tilbod på lokalsjukehus, og utvikle videokonsultasjonar for andre i FMR

Resultat av prosjektet var:

- Jobbgilding, auka samarbeid med pasientar

- Handforum, planlagt møte mellom handkirurgar og ergoterapeutar (kvar 14. dag)
- Videokonsultasjonar
- Brosjyrar og retningslinjer
- DMA, start med bruk av digitalt mediearkiv, bilde og video
- Samarbeid ortopedar og ergoterapeutar
- Felles poliklinikk – sjå pasienten saman
- Utprøving av konservative tiltak før ev operasjon
- Jobbgliding, ergoterapitiltak/opptrening etter operasjon

Pasientoppleving viser at 35% opplevde videokonsultasjon som svært bra. Pasienten sin kommentar ved videokonsultasjon er bl.a. at pålogging bør bli betre, betre informasjon frå HelseNorge. Timar som blei spart i reisetid gjer at pasienten har gode dagar. Ein har ikkje rekna på ev innsparingar i Helse Førde.

Ergoterapeut si oppleving av videokonsultasjonar er at det fungerte godt, var litt problem med oppkopling. Det var ikkje så lett å sjå bevegelse som ved fysisk oppmøte.

Oppsummert viser videokonsultasjonar sparte reisetider og sparte kostnader for pasientane.

Kva skjer no etter prosjektperioden:

Vi er godt i gang med jobbglidning og organisering. Anslår at vi no har ca 10% av konsultasjonane på video. Det er positive tilbakemeldingar, men fortsatt oppkoplingsvanskar innimellom.

Styret takka for ei interessant orientering, eit spennande prosjekt som også kan bli overført til andre fagområder. Prosjektet viser ei kvalitetsforbetring for pasient både på tid og økonomi.

Sak 011/2021 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden, med ei kort orientering om kyrereglar for dagens digitale styremøte.

- Ivar Eriksen og Eiliv Berdal hadde meldt forfall
- Styremøte hadde fagleg orientering
- Sak 020 vart flytta opp til kl. 10:30, for deltakar frå Helse Vest RHF
- Sakene 015 og 016 kl. 11:00, for deltakar frå revisjonsfirma BDO

Dokument som var ettersendt til styret:

- Styresak 015 Årsmelding 2020 – Helse Førde HF
- Styresak 016 Årsrekneskap 2020 – Helse Førde HF
- Vedlegg «Månadsrapport februar» til styresak 019 Nye Førde sjukehus - løypemelding
- Brev frå LPP Sogn og Fjordane, «Gjeld vårt brev datert 27.01.2021 og svarbrev frå Helse Førde mottatt 08.03.2021», datert 22.03.2021
- Brev frå Luster kommune, «Gjeld ambulansetilbodet i Luster kommune», datert 16.03.2021

Adm. direktør Varden tok opp at vi har ikkje hatt dialogmøte mellom styret og ordførarane etter at pandemien starta. I dialog med kommunerepresentantar er det kome ønskje om ny dato 11. juni (kl. 12-14).

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

**Sak 012/2021 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF
29.01.2021**

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 29.01.2021.

Sak 013/2021 Administrerande direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia om eit nytt punkt 11 «Status prosess med båtambulanse», som vart unntatt offentlegheit og var i slutten av styremøte.

1. Rapportering tilsynssaker

2. Oversikt over aktuelle høyringar

3. Saker til oppfølging etter styremøte

- Pasient- og brukarombodet kan bli invitert til juni-møte
- Kontrakt Livabygget vart signert 23. mars, med ei lita samling i Førdegården

4. Kunngjering av val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Førde HF

5. Korona – status i Helse Førde

Adm. direktør Varden orienterte om status korona i Helse Førde

- Mange lokale utbrot i Helse Førde sitt opptaksområde
- I karantene: 6
- Innlagt: 1
- Totalt innlagt: 21
- Kapasitet laboratorium

Planlegging av siste delen av pandemien:

- Medisinsk avdeling driv AKM 2 for avklaring av smittepasientar
- Vi planlegg for å gå mot normalisering, med beredskap for rask mobilisering
- Uvisst når dette blir normalt

Fagdirektør Helleseth orienterte om utvikling av pandemien

Strengare nasjonale tiltak er innført. Hovudformål er å avgrense kontakt mellom folk og redusere smitte.

- Ein meter avstand for helsetenesta
- Munnbind, skal brukast når vi ikkje kan overhalde ein meter
- Heimekontor, skal vi ha så langt det er praktisk mulig
- Digitale kurs/møter, alle kurs/møter som ikkje er kritiske for drift/pasientbehandling bør skje digitalt

Besøksrutina er uendra.

Det er også plan for å kunne opne oppatt AKM 2 dersom situasjonen skulle bli endra.

Pfizervaksine:

Helse Førde har fått 75 hetteglass, tilsvarande 525 doser, som blir fordelte:

- Nordfjord sjukehus: 7
- Lærdal sjukehus: 7
- >64 år og risikogrupper: 8
- Avtalespesialistar/SAV: 4

Når alle har fått vaksine no er ein betydeleg del av dei tilsette vaksinerte enten med ei eller to vaksiner.

6. Forbetringsundersøkinga

Adm. direktør Varden orienterte om forbetringsundersøkinga, som er ein årleg medarbeidarundersøking. Helse Førde har ei god deltaking, og undersøkinga blir oppfulgt i avdelingane.

HR-direktør Skjelten orienterte om områda i undersøkinga, no med eit nytt punkt «pandemi». Svarprosent i Helse Førde er 81,5 i 2021 (var 79,8 i 2020). Vi har no den høgaste skåren i Helse Vest.

7. Innflytting Dagabygget

Direktør Tvedt orienterte om innflytting i Dagabygget. Bygget vart overteke 19. februar. Det er gjennomført fine markeringar i samband med overtaking og opning av bygget. Tilbakemelding frå dei tilsette i Dagabygget er så langt positive. Teknisk drift har no ansvar for å drifte bygget.

Flytteplanen er i tida 22. februar til mai. Kunsten er ferdig flytta, med gjenbruk og ny kunst i bygget.

8. Campus Vie – fellesprosjekt

Adm. direktør Varden orienterte om felles utvikling av campusområdet på Vie - forprosjekt. Det blir sett i gang samarbeidsprosjekt mellom Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet, og at dette blir utgreidd i løpet av 2021.

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om samarbeidsforum mellom Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet. Mandatet er godkjent i samarbeidsforumet. Sluttrapport blir ferdig i november 2021.

Styret kommenterte at dette er eit spennande og viktig fellesprosjekt.

9. Beslutning tiltakskort Rekrutteringsstrategi

Adm. direktør Varden innleia om rekrutteringsstrategien som vart vedteken 29. januar 2021.

HR-direktør Skjelten orienterte om tiltakskort som vert gjennomført i 2021 under følgjande tema:

- 4. Profilerings av Helse Førde
- 5. Praktisk rekruttering i kvardagen
- 6. Vilkår og betingelsar som verkemiddel
- 7. Vellykka velkomst av nye medarbeidarar
- 8. Korleis halde på våre medarbeidarar
- 9. Utvikling, kompetanse g utdanning
- 10. Legerekruttering

10. Vestlandslegen

Adm. direktør Varden orienterte om Vestlandslegen og viste til Grimstadutvalget.

Planen er å utdanne 80 prosent av legebehovet i Norge. 440 nye studieplassar, derav 120 til UIB. Det er eit 6-årig studieløp 3 + 3 år.

- 10 studentar i Helse Førde frå januar 2026
- 30 studentar kvart studieår i Helse Førde frå januar 2028
- Dette kjem i tillegg til dei medisinstudentane som har praksis no

11. mars var det møte mellom føretaksleiinga i Helse Førde og fakultetsleiinga UIB.
22. mars var det møte i samarbeidsforum mellom Høgskulen på Vestlandet og Helse Førde.

Utviklingsdirketør Kleiven orienterte om oppgåver som skal løysast:

- ✓ Studieplan, undervisningsmetodar
- ✓ Undervisningskompetanse, stillingar og ressursar
- ✓ Primærhelseteneste

- ✓ Logistikk og infrastruktur
- ✓ Rekruttering

Framdriftsplan for vestlandlegen vart skissert.

Styret kommenterte at Vestlandslegen er viktig og positivt for Helse Førde.

LUKKA DEL:

Helseføretakslova § 26 a, nr 4 og 5

Under tilvising til forvaltningslova § 6, 2. ledd tredje styremedlem Aud Ingrid Espeland frå som ugild under handsaming av denne saka.

11. Status for prosess med båtambulanse

Adm. direktør Varden og direktør Guldhav orienterte om prosessen med båtambulanse.

OPEN DEL:

Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingar til orientering.

Sak 014/2021 Rapportering frå verksemda per februar 2021

Oppsummering:

Administrerande direktør Varden innleia rapportering med si vurdering:

- Pandemien påverkar spesielt ventetider for ventande og fristbrot. Det er fokus på å få ned ventetidene.
- Innanfor somatikk er ventetida i februar lik januar, dvs. 60 dagar
- Innanfor PHV for barn og under er ventetida 26 dagar. Det er 7 færre enn i januar
- Det er førebels registrert 94 nye fristbrot i februar
- Helse Førde har fått noko midlar til å ta att etterslepet og redusere ventetider som følgje av pandemien
- Aktiviteten i februar var lågare enn budsjett. Innanfor somatikken og utan H-resept var aktiviteten målt i DRG-poeng 90,2
- Resultat til no i år er 4,7 millionar betre enn budsjett
- Stenginga i januar var påverka av årsoppgjær, og februar er påverka av innføring av LIBRA
- Sjukfråværet var 6,7 prosent i januar

Fagdirektør Hellesteth orienterte om: Kvalitet og pasienttryggleik

- Trygg pleie – fall, viser snitt på 78 prosent. Kirurgisk klinikk viser stor forbetring
- Trygg pleie – trykksår, viser snitt på 74 prosent. Kirurgisk klinikk viser stor forbetring
- Trygg pleie – ernæring, viser snitt på 65 prosent.
- Utvikling gjennomsnittleg ventetid ved periodeslutt
- Ventetid – helsehjelp starta i perioden viser 66 dagar i somatikk, 30 dagar i PHV, og 49 dagar i PBU. Det er innleigd ekstrahjelp for å ta ned ventetid i PBU
- Fristbrot, viser 94 nye fristbrot i februar
- PHV – beleggspersent døgnsesksjonar, viser forskjell i beleggspersent mellom DPS-ane.
- Stryking av planlagde operasjonar viser 12 styrkingar av totalt 449 planlagde operasjonar
- Utskrivingsklare pasientar, viser 22 døgn i februar

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

Pasientflyt Helse Førde per februar viser

Nytilviste	Ventelistekø	Derav starta	Totalkø	Avslutta
5 393	5 835	2 292	52 488	4 762
		Derav utsatt av pasient		
		488		

Aktiviteten i somatikk er 90 prosent. Aktivitet i psykisk helsevern viser aktivitet bak budsjett. Pandemien har hatt stor påverknad på aktiviteten.

Resultatet er i stor grad påverka av korleis ein inntektsfører øyremerka midlar knytt til pandemien.

Resultatet til no i år er 4,7 millionar betre enn budsjett. Resultatet er noko usikkert. Årsaka er LIBRA-prosjektet som vart innført 1. mars.

Samla sjukefråvær i januar var 6,7 prosent. Sjukefråvær for februar viser oppgang.

Brutto månadsverk i perioden var 2378 og netto månadsverk var 2239, som begge viser auke.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktørs rapportering frå verksemda per februar 2021 til vitende.

Sak 015/2021 Årsmelding 2020 – Helse Førde HF

Styreleiar Landstad orienterte om at det vart felles orientering om sakene 015 og 016. Det vart ikkje lukka del. Formalkrav var avklara.

Oppsummering:

Helseføretaka er pliktige til å følgje rekneskapslova etter lov om spesialisthelseteneste. Etter tilråding i styret skal årsmelding for 2020 sendast vidare til styret i Helse Vest RHF og føretaksmøte for endeleg vedtak.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjenner Helse Førde HF si årsmelding for 2020.

Sak 016/2021 Årsrekneskap 2020 – Helse Førde HF

Oppsummering:

Helseføretaka er pliktige til å følgje rekneskapslova etter lov om spesialisthelseteneste. Årsrekneskap med notar for Helse Førde HF er ferdig revidert. Etter tilråding i styret skal årsrekneskap med notar for 2020 sendast vidare til styret i Helse Vest RHF og føretaksmøte for endeleg vedtak.

Årsresultat for 2020 var eit overskot på 112 millionar

Adm. direktør Varden innleia og forklara at dokumenta vart ettersendt grunna innføring av LIBRA.

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om årsmelding og årsrekneskap 2020. Det vart elektronisk signering av dokumenta som i fjor.

Det er behov for endringar i nokre noter i årsrekneskapen:

- *Note 2: Rapportering frå verksemda. Tekst på sum linje tabell*
- *Note 3: Driftsinntekter. Ekstra basisramme i samband med pandemien 110,7 mill.*
- *Note 6: Lønn og andre godtgjersler. Feil tittel i tabell*
- *Note 20: Forsking og utvikling. Feil tal i 2020*

Styreleiar Landstad hadde eit møte med revisor 25. mars. Det var ikkje lukka del i dagens styremøte.

Revisor Rune Iversen frå BDO orienterte om oppsummering av revisjonen for 2020:

- *Revisors kommunikasjon med styret*
- *Status for risikovurdering*
- *Internkontroll*

- *Vesentlige regnskapsposter*
- *Overordna oppsummering av revisjonen*
- *Forhold som er diskutert med leiinga*
- *Øvrige forhold*

Styreleiar Landstad takka for god og grundig revisjonsgjennomgang.

Oppdaterte versjonar av årsmelding og årsrekneskap vert utsendt til styret, før styret signerer på dokumenta.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjenner Helse Førde HF sitt årsrekneskap med notar for 2020.

Sak 017/2021 Styringsdokument 2021 for Helse Førde HF

Oppsummering:

Styringsdokumentet klargjer premissane og rammene som gjeld for verksemda, og inneheld mål, oppgåver og resultatkrav til Helse Førde HF. Nokre punkt frå overordna føringar:

- Pandemisituasjonen er lite føreseieleg i 2021
- Regjeringa vil skape pasientens si helseteneste
- Regjeringa vil skape det utadvende sjukehus og i helsefellesskap skal pasientane oppleve samanhengande helse- og omsorgstenester på tvers av spesialisthelsetenesta og kommunal helse- og omsorgsteneste

Helseføretaka skal innrette verksemda si med sikte på å nå overordna hovudmål:

1. Redusere unødig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
3. Betre kvalitet og pasienttryggleik

Styringsdokumentet var gjennomgått i felles styreseminar i Helse Vest 18. februar og i styreseminar i Helse Førde 25. mars.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Styringsdokument 2021 for Helse Førde HF» til vitende.

Saker til orientering:

Sak 018/2021 Utviklingsplan Helse Førde, revisjon 2021

Oppsummering:

Utviklingsplanen for Helse Førde HF vart vedteken i styremøte 22. juni 2018. Planen har eit tidsperspektiv fram til 2035, men skal reviderast kvart fjerde år. Det er gitt føringar om at alle helseføretaka i landet skal oppdatere utviklingsplanane i 2021. Helse Vest har starta prosessen med å etablere ei regional koordineringsgruppe. Helse Førde skal revidere sin utviklingsplan, for styrevedtak i november/desember, og deretter oversending til Helse Vest innan 31. desember 2021. Helse Vest skal utarbeide den regionale utviklingsplanen og vedta denne innan utgangen av 2022.

Helse Førde la eit godt grunnlag for utviklingsarbeidet i 2018. I tillegg må vi ta høgde for nye tilrådingar og føringar. Vi legg vekt på å ha ein open og god dialog med ulike interessegrupper gjennom heile prosessen. Det blir lagt vekt på eit nært og forpliktande samarbeid med kommunane om helsefelleskap, noko som vil bli teke omsyn til i planarbeidet.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orienteringa om revisjon av utviklingsplanen for Helse Førde i 2021 til vitende.

Sak 019/2021 Nye Førde sjukehus - løypemelding

Oppsummering:

Dagabygget er overlevert til drift og teke i bruk av psykisk helsevern. Prosjekt-rekneskapen for delprosjekt viser at ein sluttkostnad på 336 millionar kroner. Budsjettet var på 349 millionar. Innsparinga i Dagabygget blir 3 millionar betre enn prognosen vi hadde ved utgangen av januar i år.

Helse Førde signerte kontrakt 23. mars 2021 med Veidekke om gjennomføring av Livaprojektet. Kontrakten er på 685 millionar ekskl. mva.

For Livaprojektet er det spesielle risikoar knytt til covid-19, samt usikre grunnforhold og stålprisar. Desse risikoforholda vil i hovudsak bli avklara i løpet av 2021.

Det er gjennomført ei restrukturering av budsjetta i Nye Førde sjukehus etter styrevedtaket 29. januar 2021. I arbeidet med kvalitetssikring av detaljbudsjettet har det vist seg nødvendig å auke investeringane i medisinskteknisk utstyr.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek løypemeldinga til vitende.

Sak 020/2021 Inntektsutvalet - løypemelding**Oppsummering:**

Det pågår revisjon av inntektsmodellen i Helse Vest. Bakgrunn for ny modell er endringar i type sjukdommar, behandlingsformer, organisering av tenestene og prioriteringar.

Økonomidirektør Helleseith innleia om revisjon av inntektsmodellen i Helse Vest som skal ta omsyn til:

- *Behovskomponenten geografiske skilnader i behov*
- *Kostnadskomponenten – geografiske skilnader i kostnadsnivå*
- *Gjestepasientkomponent – pasientar behandla utanfor eige føretak*
- *Prehospitale tenester – pasientreiser og ambulanse*
- *Særfinansiering – forhold som ikkje vert fanga opp av modellen*

Økonomidirektør Per Karlsen frå Helse Vest orienterte om:

- *Erfaringar frå Helse Vest sitt inntektsmodellarbeid*
- *Stortinget har vedtatt innføring av ny modell for fordeling*
- *Deltakarar i styringsgruppe*
- *I Inntektsutvalet deltek Øystein Helleseith og Tom Guldhav frå Helse Førde*
- *Kva er dei ulike helseføretaka opptatt av i arbeidet med modellen*
- *Helse Førde er opptatt av prehospitale tenester og demografi*
- *Målet er å bli ferdig med rapport over påske, som skal ut på høyring, deretter styrevedtak i Helse Vest i juni*

Styret kommenterte at det er ønskjeleg at styra vert invitert til å gje høyringsuttale.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orientering om arbeidet med revisjon av inntektsmodellen i Helse Vest til vitende.

Sak 021/2021 Eventuelt

Styreløiar Landstad orienterte om at ny dato for dialogmøte mellom styret og kommunane vert 11. juni, kl. 12-14. Det kan bli digitalt møte, men dette blir vurdert fortløpande.

Adm. direktør Varden orienterte om skriv og meldingar.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og melding var ettersendt til styret :

- Brev frå LPP Sogn og Fjordane, «Gjeld vårt brev datert 27.01.2021 og svarbrev frå Helse Førde mottatt 08.03.2021», datert 22.03.2021
- Brev frå Luster kommune, «Gjeld ambulansetilbodet i Luster kommune», datert 16.03.2021

Ref. Berit Irene Haarklau
26.03.2021

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Ivar Eriksen (sett)	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem